

From: Halldis Folkedal <halldisfolkedal@gmail.com>
Sent: 5. november 2017 19:55
To: NVE
Subject: Høyring. Saksnummer: 201700558, registreringsnummer: 7928.

Nei til utbygging av Kvanndalselva og bygging av ny kraftstasjon i Folkedal

Planane om utbygging av Kvanndalselva og bygging av ein ny kraftstasjon i Folkedal er totalt uakseptable. Indre Hardanger toler ikkje fleire kraftkampar etter mange års kamp og aksjonering mot dei såkalla monsternastene i Hardanger. Folkedal var ein av stadane der motstanden var stor. Når det gjeld Folkedal så har dalen allereie eit nybygd kraftverk som erstatta eit eldre kraftverk. Planar om å bygga eitt kraftverk til er komplett galskap. Dei siste åra har vore prega av utstrekt anleggsverksemd knytta til kraftutbygging. Lat oss få fred no.

Natur er uerstatteleg. Elvene våre er uerstattelege. I Hardanger finst det knapt ei elv som ikkje er utbygd. Støyande småkraftverk ploppar opp overalt til irritasjon for dei som bur rundt. Det er rett og slett nok no. Kvanndalselva er unik og eitt inngrep her vil gjera stor skade. Me set foten ned for fleire kraftutbyggingar i Hardanger.

Beste helsing

Halldis Folkedal

M: 913 70 852